

Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 2-2020
Tid: Måndag 9. november kl. 09.00 – 11.30
Stad: Teamsmøte

Til stades:

Arbeidsgruppa:	Kristin Nåmdal(Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), John Hoshovde (Vaksdal)
Andre:	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG), Terje Villanger
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Pelle Engesæter (Osterøy), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen)

Sak 10/20	Godkjenning – sakliste og innkalling Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.
Sak 11/20	Referat – forrige møte Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar. Vedtak: Referatet vart godkjent.
Sak 12/20	Status for prosjektet <ul style="list-style-type: none">• Vaksdal vil med stor sannsynlighet bli med i Regionrådet frå og med 01.01.2020. Det er også svært naturleg med Vaksdal sin geografiske plassering at dei vert med i dette arbeidet. John Hoshovde vil representere Vaksdal i arbeidsgruppa.• Regionale referansegruppa for myndigheitene er no snart på plass, manglar svar frå Mattilsynet. Namna på kven som er med ligg i reknearket på Teams – «IKP sjø medlem ...xls) Den var ein kort runde frå den enkelte kommune• Alle kommunane skal no ha fått gjort nødvendige vedtak i kommunestyret. Vaksdal kom litt seinare i gong, men vil forsøke å få gjort vedtak før jul.• Fedje har behov for å få utarbeida delplan for sjø og den interkommunale planen vil ivareta det. Det har kome opp som tema/spørsmål om plassering av Havvindmøller kan bli tema i denne planen. Fedje signaliserer at dei ønskjer å få det vurdert.• Masfjorden tok opp at for dei så må den interkommunale planen for sjø også ivareta spørsmål som gjeld areal på land som er naudsynte for industri og småbåthamn. Det vart understreka at den interkommunale planen vil gjelde for sjø. Masfjorden kommunen må sikre seg at planen for sjø ikkje vert eit hinder for det som dei ønskjer på land. Det som eventuelt må inn i kommunale planar for landarealet er noko

	<p>Masfjorden (dette gjeld generelt for alle kommunar) må ta i vare. Dette er ikkje noko spesielt for Masfjorden, men vil gjelde alle kommunane.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vart tatt opp eit spørsmål om Plan id. Skal kvar kommune ha ein særskild plan id? Eller skal det være en felles ID? HK og Terje og får det avklart. Det kan mellom anna undersøkast med kva Troms har gjort.
<p>Sak 13/20</p>	<p>Planprogram – utkast</p> <ul style="list-style-type: none"> • HK – hadde ein introduksjon – kva som er gjort og tenkt så langt Hovudstrukturen – bygd på det som er gjort i Troms og døme frå andre stader. • Innspel til strukturen og andre kommentarar <ul style="list-style-type: none"> ○ Få med eit kap/avsnitt som gjeld særskilt for kvar kommune, det kan løysast på forskjellige måtar. ○ Bruke begrepet - «Interkommunal plan for sjøareal» - konsekvent ○ Flytt organiseringskap opp i dokumentet ○ Må vere tydeleg på kva som skal vere med i planen – grensedraging ○ Fedje tok opp at dei vil ha undersøkt om der er område i deira sjøareal som kan nyttast til havvindmøller. Dett er noko nytt og lite avklart område så det kan bli krevjande å få det med. ○ Masfjorden – land – småbåt næringsareal – det må omtalast – men samstundes må det haldast fast ved at denne planen gjeld for sjøareal ○ Gulen – dykking som næring ○ Har et eige dokument for medverknad – som er ein konkret plan – men ta også noko genererelt om dette i planprogrammet Ta inn noko generelt i • Arbeidsgruppa sine medlem må ta ansvar for å fylle inn direkte det som gjeld sin eigen kommune. • Når planprogrammet sendast på høyring – skal det også varslast at ein ønskjer innspel på endring i arealbruk • Innspel til planprogrammet må gjerast i Teams – dersom konkrete tekstar som skal inn – legg inn dokument i mappa planprogram – så er det enkelt for HK/BG og sjå innspela. <p>Framdriftsplan for planprogrammet vart diskutert. Det var semje om at planprogrammet – vert sendt til kommunane før jul slik at det kan leggest fram for formannskap/planutval på første møte i 2021. I tillegg bør vi hatt ein presentasjon for dei referansegruppa for dei regionale myndighetene før det. Ut i frå dette var ein samd om denne tidsplanen.</p> <p>HK – innarbeider kommentarane 18. nov Neste møte AU fredag 27. nov</p> <p>Tentativ tidsplan – for arbeidet med planprogrammet</p> <ul style="list-style-type: none"> • IKPU – status – fredag 13. nov • Oppdatert utkast planprogram – onsdag 18. nov • Arbeidsutvalet 27. nov • Regional ref gruppe – presentasjon – 7. des (kan bli ein annan dato) • Arb utval og IKPU 11. des

	<ul style="list-style-type: none"> • Til kommunane 17. des • Tilbakemelding frå kommunane seinast 10. februar • Arbeidsutvalet – møte 18. februar • IKPU – 26. februar og forhåpentlegvis utsending av planprogrammet på • Høyring sendt 1. mars • 6 – uker høyring – frist høyring 20. april • Vurdering av innspel i arbeidsutvalet – • IKPU – vedtek planprogrammet innen mai – <p>Dokumentet om informasjon og medverknad vert jobba særskilt med og vert lagt ved når planprogrammet vert sendt på høyring 1. mars.</p>
Sak 14/20	<p>Andre saker</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle kommunane må få lagt inn «fakta» i sin mappe under Faktagrunnlag • I fagstoff rapporter – alle må lese rapporten «Multikriterieanalyse» - vurdere om det er ein «mal» me kan nytte i vårt arbeid • Neste møte er 27. november
	<p>Knarvik, 9. november 2020</p>